

# Møteprotokoll

**Utval:** Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde  
**Møtestad:** Gloppen Hotell, Sandane  
**Dato:** 01.12.2014  
**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	
Håkon Myrvang	LEDER	

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Klungre	Jorunn Eide Kirketeig	
Tone Helle Cirotzki	Håkon Myrvang	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 20/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 21/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om oppføring av fjøs med loft på Dalsbøen		2012/1078
ST 22/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om nytt vindauge i hytte		2014/3604
ST 23/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale til detaljreguleringsplan Vonastranda		2014/4227
ST 24/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løypekøyning - Instedalen Skianlegg AS		
ST 25/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering av Fagleg Rådgevinge utval		2011/3528
ST 26/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2015		2014/4300
ST 27/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Forvaltningsplan		2012/308
RS 3/14	Orienteringssaker		
ST 28/14	Eventuelt		

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal Iverneområdestyre ST 19/14 - 01.12.2014**

Merknader:

- Sak ST 24/14 går ut, då saksutgreiing ikkje er klar enno
- Det vart orientert om kvifor søknad frå Kupekraft ikkje er med som sak

### **Vedtak**

Med dei merknadane godkjente verneområdestyret innkalling og sakliste

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 20/14 - 01.12.2014**

### **Vedtak**

Verneområdestyret godkjente og signerte protokollar frå styremøta 1/14, 2/14 og 3/14

Arkivsaksnr: 2012/1078-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.11.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 21/14	01.12.2014

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om oppføring av fjøs med loft på Dalsbøen

### Dokument i saka

- Byggesøknad frå Audun Rygg til Gloppen kommune
- Søknad til vernestyresmakta om oppattføring av fjøs med loft
- Tilleggsopplysningar frå Audun Rygg
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

### Søknaden

Audun Rygg søker i brev til Gloppen kommune datert februar 2012, om å få bygge fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen i Traudalen. Bygget skal førast opp på tomta der murane etter den gamle fjøsen delvis står enno.

Bygget som Rygg har skissert i søknaden er på 8 x 5 m grunnflate, altso 40 m<sup>2</sup>. Det skal vere fjøs i nedste høgda med takhøgde på 2,4 m, og i andre høgda vert det loft for overnatting med høgde oppunder møne på 3 m. Samla høgde på kortveggen ned mot vatnet vert derfor om lag 5,5 m. Tomta ligg i skrått terreng, slik at kortveggen som ligg vekk frå vatnet ikkje vert so høg.

Nedste høgda er tenkt bygd med betongstein. På andre høgda skal det vere liggande kledning på kortveggane og ståande på langveggane. Den ståande kledninga på langveggane skal gå ned over betongveggane og «blende» desse. Bygget skal ha torvtak.

Føremålet med bygget er å bygge opp att ein bygning som har stått på støylen tidlegare, og å ha overnattingsplass for gjetarar, jegerar eller liknande. Søkjaren opplyser om at han har bygningar på Ryggjastøylen, tomt i hyttefeltet og naust ved Osen.

### **Forskrift og regelverk**

Det er i utgangspunktet forbode å føre opp bygningar i landskapsvernområdet. Verneforskrifta opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av bygningar i visse tilfelle. Mellom anna gjeld dette oppattbygging av gamle stølshus. Der er og heimel for å gje løyve til oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Dette står skildra i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 b) og c):

*1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*[...]*

*b) Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned eller bygningar som er skada ved brann eller naturskade.*

*c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

*[...]*

### **Forvaltaren si vurdering**

Som synt over her er det to punkt i forskrifta som er aktuelle å handsame denne typen bygning etter. Heimelen i § 3 pkt 1.3.c) gjeld bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Bruket til søkjaren er ikkje i drift per i dag, og bygningen vert derfor ikkje knytt opp mot aktiv landbruksdrift. Dette punktet i forskrifta kan derfor ikkje nyttast her. Saka må derfor handsamast etter det andre punktet; § 3 pkt 1.3.b).

Byggeverksemd i landskapsvernområdet er strengt regulert, og som hovudregel skal det ligge eit reelt behov og eit godt føremål til grunn for eit eventuelt løyve. Føremålet med dette tiltaket er at bygningen kan nyttast til eventuell framtidig drift med beitedyr på dette bruket. Og i tillegg overnattingsfasilitetar til jegerar, fiskarar, turfolk eller andre.

Bygningen det er søkt om er skissert med ytre mål på 8x5 m, med andre ord eit flatemål på 40 m<sup>2</sup>. Det er større enn tuftene etter den gamle fjøsen som bygget skal byggast opp på. Desse tuftene måler om lag 5,2 x 6 m. Høgda på 5,5 m oppunder mønet er veldig høgt i forhold til kva som er vanleg for bygningar på Dalsbøen. Bygningen vil vere veldig ruvande i bygningsmiljøet her, og den vil hindre utsikt for dei hyttene som ligg nærmast.

Fjøsbygningar høyrer tradisjonelt sett heime i støylsmiljø. Det er få som brukar fjøsane til mjølking i dag, men dei fjøsane som enno står og er vedlikehaldne vert ofte brukt til lager for reidskap, material, fiskegarn osb. Der står fleire fjøsar på Dalsbøen i dag. Dei fleste er frittstående bygningar på om lag 20-30 kvm og med eit plan. Der er eit unntak; eine bygningen er kombinert fjøs og sel i same bygning med fjøs i første etasje og sel i andre. Det er ei løysing som ikkje er vanleg på støylar elles i området. Her er og nokre gamle fjøsmurar på om lag 5x8 m der det truleg har vore fjøs i kjellar og høyloft eller liknande oppå.

Bruket til søkjaren (gnr 12/6) har sel på Dalsbøen som ligg rett ved siden av dei gamle fjøstuftene. Det er eit lite sel, med tradisjonell utforming og storleik. Tilstanden på bygningen er middels. Konstruksjonen står og bygget er delvis dekket til med bølgeblekkplater. Dersom selet vert rusta opp vil det kunne tene som overnattingsplass. Ruste opp selet vil og vere positivt for bygningsmiljøet og ei betre løysing med omsyn til byggeskikken enn det bygget som det er søkt om.

Verneområdeforvaltaren vil råde verneområdestyret til å seie nei til denne søknaden, av følgjande grunnar:

- Fjøsen vert ikkje knytt til eit bruk i aktiv drift med beitedyr.
- Det omsøkte bygget er større enn dei fleste andre bygningane på Dalsbøen i areal, og vesentleg høgare enn dei andre bygningane der. Bygget vil bryte med den lokale byggeskikken.
- Det omsøkte bygget er større enn tuftene etter den gamle fjøsen, som det er tenkt bygd opp på.
- Bruket til søkjaren har anna bygning på Dalsbøen som kan rustast opp og nyttast til overnatting.

#### **Framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad om å bygge opp fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen.

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 21/14 - 01.12.2014**

#### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad om å bygge opp fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen.

Grunngjeving for avslaget:

1. Fjøsen vert ikkje knytt til eit bruk i aktiv drift med beitedyr.
2. Det omsøkte bygget er større enn dei fleste andre bygningane på Dalsbøen i areal, og vesentleg høgare enn dei andre bygningane der. Bygget vil bryte med den lokale byggeskikken.
3. Det omsøkte bygget er større enn tuftene etter den gamle fjøsen, som det er tenkt bygd opp på.
4. Bruket til søkjaren har anna bygning på Dalsbøen som kan rustast opp og nyttast til overnatting.

Arkivsaksnr: 2014/3604-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.11.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 22/14	01.12.2014

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om nytt vindauge i hytte

### Dokument i saka:

- Søknad om å få sette inn nytt vindauge i hytte
- Vedlegg med bilete og illustrasjon
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

### Søknaden

Jan Kjetil Øygard har hytte på Dalsbøen i Traudalen. Hytta ligg i stølsmiljøet der. I søknad sendt til verneområdeforvaltaren 29.09.14, søker Øygard om å få sette inn eit nytt vindauge i hytta.

Vindauget skal settast inn på kortveggen på hytta, oppunder mønet. Der er det hems inne i hytta og føremålet med vindauget er å gje lys inn på hemsen og å gje ein rømingveg frå hemsen i tilfelle brann. Vindauget skal vere maks 60x60 cm (karmstorleik), og tilpassa byggestilen på hytta. Søkjaren har illustrert dette i vedlegg.

Øygard viser til at nabohytta har tilsvarende vindauge, dette er og dokumentert med foto i vedlegg.

### Verneforskrift og regelverk

Endringar på ein bygning som fører til fasadeendring vert definert som ombygging. Ombygging av bygning inne i landskapsvernområdet er i krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. Dette står i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a)

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.

[...]

Forvaltningsstyresmakta kan med andre ord gje eit slikt løyve som det er søkt om med heimel i verneforskrifta, men det er eit krav at det skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for å få naudsynt løyve frå kommunen til å utføre tiltaket.

### **Vurdering**

Det er her søkt om å gjere ei mindre fasadeendring. Endringa vil vere synleg men den vil ikkje vere særleg merkbar om ein ikkje samanliknar bilete før og etter. I alle fall so lenge vindauget følger byggestil, fagre- og materialval til resten av hytta og so lenge vindauget får ei naturleg plassering. Ein kan ikkje sjå at denne endringa vil kunne få negativ verknad på naturmiljøet.

Øygard skriv i søknaden at føremålet med å sette inn vindauget er å få lys inn på hemsan og å få rømningsveg ut frå hemsan. Særleg det siste argumentet med rømningsveg er eit godt argument for dette behovet. Ved ein eventuell brann i hytta vil rømningsveg frå hemsan kunne vere avgjerande for å berge liv og helse.

Det avgjerande i denne saka vil vere om fasadeendringa er i tråd med tradisjonell byggeskikk, både på denne hytta spesielt og på stølsmiljøet generelt. Søkjaren har vist med bilete at nabohytta har liknande vindauge. Etter synfaring på Dalsbøen kan vi slå fast at det er heilt vanleg å ha vindauge oppe i mønet på hyttene her.

Øygard skriv i søknaden at vindauget skal vere i same byggestil som resten av hytta. Dei andre vindauga har sprosser, og vi ser på bileta at der er seks rektangulære ruter på kvart vindauge med tre i høgda og to i breidda. Sprossene er raude, same farge som karmane. Det er viktig at utforming av vindauge og sprosser harmonerer med dei andre vindauga på hytta.

### **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget i saka (jf. § 8) bygger på opplysningar og foto frå søkjaren, og synfaring utført av forvaltaren 2.10., og det er tilstrekkeleg. Førre-var-prinsippet i § 9 vert derfor ikkje lagt til grunn i denne saka. Samla belastning (jf. § 10) er ikkje aktuelt for dette tiltaket.

Det er ikkje venta at tiltaket i seg sjølv vil kunne føre til skade eller forringing av miljøet (jf. § 11), men som ved alt byggearbeid vil det kunne verte forsøpling dersom bygningsavfall som kapp, emballasje og liknande vert liggande igjen når arbeidet er ferdig. Det er derfor viktig å peike på at tiltakshavar har ansvar for å rydde opp etter seg, og at det kan medføre miljøerstatning om det ikkje vert gjort.

Jamfør § 12 kan det setjast krav til å nytte den mest skånsame metoden. Ein kan ikkje sjå at dette tiltaket kan gjerast på nokon meir skånsam måte.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Jan Kjetil Øygard får løyve til å setje inn eit nytt vindaug i hytta si i Traudalen. Løyvet vert gjeve med heimel i veneforskrifta § 3 pkt 1.3.a).

Vilkår for løyvet:

- Det nye vindaugget skal vere som beskrive i søknaden, maks 60 x 60 cm i karmstorleik.
- Vindaugget skal ha same byggestil som dei andre vindauga i hytta, med srosser og to ruter i breidda. Farge på karmar og srosser skal vere same som dei andre vindauga.
- Vindaugget skal plasserast symmetrisk midt under mønet.
- Det skal ryddast opp etter byggearbeidet.

Tiltaket skal dokumenterast med foto når det er ferdig.

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 22/14 - 01.12.2014**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fattar vedtak i tråd med framlegg frå verneområdeforvaltar

Arkivsaksnr: 2014/4227-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 19.11.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 23/14	01.12.2014

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale til detaljreguleringsplan Vonastranda**

Forvaltar sitt framlegg til høyringssvar:

Verneområdestyret har motteke framlegg til reguleringsplan for Vonastranda, som er lagt ut på høyring.

Framlegget gjeld detaljregulering av eit område ved Vonavatnet. Området er LNF-område med spreidd fritisbusetnad og det er per i dag to hytter i planområdet. Gjennom framlegget er det ynskje om å legge til rette for bygging av fire nye hytter i planområdet, slik at det totale talet på hytter vert opp til seks.

Planområdet ligg på nordsida av Vonavatnet, om lag 300 meter frå grensa til landskapsvernområdet. I og med at det ligg utanfor verneområdet, har ikkje verneområdestyret noko formell mynde. Men verneområdestyret kan likevel kome med høyringsinnspel og liknande for å ta verneområdet sine interesser og verdiar i vare.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ingen merknader til at det vert opna for bygging av fire nye hytter i planområdet. Det er i god avstand frå landskapsvernområdet og hyttene vil knapt verte synlege frå landskapsvernområdet. Planområdet ligg i eit område med mange fritidshytter og ein del stølshus.

Verneområdestyret merkar seg dei vilkår som er sett til hyttene med omsyn til storleik og utforming. Desse vilkåra er om lag i tråd med dei føresegner som verneområdestyret har sett i framlegg til forvaltningsplan for landskapsvernområdet. Verneområdestyret støttar vilkåra som er sett til hyttene. Det er viktig at nye hytter følgjer den lokale byggeskikken.

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 23/14 – 01.12.2014**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender inn høyringsuttale forfatta av verneområdeforvaltar slik som den står i framlegget

Arkivsaksnr: 2011/3528-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.11.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 25/14	01.12.2014

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering av Fagleg Rådgevande utval**

### **Bakgrunn**

Det står i vedtektene for verneområdestyret at styret skal opprette eit fagleg rådgevande utval. Fagleg Rådgevande utvale for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart oppnemnt av verneområdestyret i styremøte nr 3/11, med 12 medlemmer (5 grunneigarrepresentantar og 7 organisasjonar/verksemder). Styret bestemte kva for organisasjonar og verksemder som var naturlege å ha med i utvalet, og so vart Sogn og Fjordane Bondelag utfordra til å foreslå kven som skulle vere representantar for grunneigarane.

Utvalet vart konstituert 16.april 2012 med 11 medlemmer (Idrettskrinsen gav aldri tilbakemelding på om dei ville vere representert). Sidan den gong har utvalet fungert og hatt 1-2 møter kvart år. I desse møta har som regel styreleiar, naturoppsyn og verneområdeforvaltar delteke i tillegg til sjølve utvalet. Representantar for grunneigarar og organisasjonar har vore uforandra, medan verksemdene har skifta litt på kven dei har sendt på møta.

Det står i vedtaket om oppnemninga frå 2011 at samansettinga av utvalet skulle evaluerast etter to år. Det har og kome spørsmål frå fleire hald om det skal vere rullering på representantane i utvalet.

Verneområdeforvaltaren har vore i kontakt med Miljødirektoratet for å høyre om der er retningslinjer på dette. Direktoratet seier at utvalet er oppnemnt av verneområdestyret, og at det derfor er heilt og fullt opp til styret å bestemme samansetning og eventuell rullering.

### **Handsaming i styremøtet:**

1. Evaluering av Fagleg Rådgevande utval
2. Skal samansettinga av utvalet rullerast?
3. Korleis skal dette eventuelt gjerast?

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 25/14 - 01.12.2014**

### **Vedtak**

Fagleg Rådgjevande utval skal rullerast innan verketida til det sitjande verneområdestyret. Verneområdeforvaltaren lagar framlegg for korleis rulleringa skal føregå og legg det fram for styret på neste møte.

Arkivsaksnr: 2014/4300-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 19.11.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 26/14	01.12.2014

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2015

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2015. Bestillingsdialogen føregår på same måte som den har gjort før. Tiltaka skal ha unik prioritering. Nytt av året er dessutan at summane skal settast opp som nettosummar, altso eks mva.

### Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der i bestillingsdialogen for 2015? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltaka

**Tiltak som er aktuelle for bestillingsdialog:**

<b>Tiltak</b>	<b>Skildring</b>	<b>kostnad</b>	<b>vidareføring av påbegynt?</b>
Buføringsveg i Traudalen	Gjere ferdig buføringsvegen langs Nibberåsa i Traudalen. Står att omtrent 150 meter.	200000	ja
Sti langs Vonavatnet	Merke, rydde sti langs Vonavatnet inn til klopplegginga frå 2013.	100000	ja
Stiarbeid Gjengedal	Fikse tidlegare utbetra sti i Urabakkane. Kloppar over gjørmehol ved barnegrava.	50000	ja
Ryssdalshorn	Tilrettelegging med sherpa i ura oppunder Geitabykset.	50000	nei
Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	10000	ja
Stiarbeid Breidalen	Rydde, merke, legge kloppar på stien frå Gimmestadstøylen til Breidalen	100000	nei
Stiarbeid Arnestadstøylen	Utbetre sti frå Osen i Langedalen og inn til Arnestadstøylen. Rydding, lage nokre enkle grøftar og vassrenner, flytte på litt stein og jord her og der.	40000	nei
Florakartlegging	Halde fram med kartlegging av plante- og dyreliv, med fokus på sjeldne og/eller kalkkrevjande artar.	15000	ja
Parkeringsplass Rauset	Opparbeide parkeringsplass med plass til 6-7 bilar ved krysset Rausetstøylen/Hestedalen	50000	nei
Utfiskeprosjekt Vonavatnet	Vere med å delfinansiere utfiskingsprosjekt i Vonavatnet	18550	ja
Stiarbeid Sørsendalen	Utbetre sti frå Kandalsstøylen og oppover Sørsendalen	30000	nei
	<b>Sum</b>	<b>663550</b>	

## Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 26/14 - 01.12.2014

### Vedtak

Verneområdestyret vedtar følgjande oppsett og prioritering av tiltak for Bestillingsdialogen med Statens Naturoppsyn for 2015:

Prioritering	Tiltak	Skildring	kostnad	vidareføring av påbegynt?
1	Buføringsveg i Traudalen	Gjere ferdig buføringsvegen langs Nibberåsa i Traudalen. Står att omtrent 150 meter.	200000	ja
2	Florakartlegging	Halde fram med kartlegging av plante- og dyreliv, med fokus på sjeldne og/eller kalkkrevjande artar.	15000	ja
3	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	10000	ja
4	Sti langs Vonavatnet	Merke, rydde sti langs Vonavatnet inn til klopplegginga frå 2013.	100000	ja
5	Ryssdalshorn	Tilrettelegging med sherpa i ura oppunder Geitabykset.	50000	nei
6	Parkeringsplass Rauset	Opparbeide parkeringsplass med plass til 6-7 bilar ved krysset Rausetstøylen/Hestedalen	50000	nei
7	Fjerning av framande artar	Fjerne gran. Rundt støyler/kulturlandskap og mindre førekomstar	100000	kontinuerlig
8	Utfiskeprosjekt Vonavatnet	Vere med å delfinansiere utfiskingsprosjekt i Vonavatnet	18550	ja
9	Stiarbeid Stegsvatnet	Utbetre sti frå Stegen til Kupa	50000	ja
10	Stiarbeid Arnestadstøylen	Utbetre sti frå Osen i Langedalen og inn til Arnestadstøylen. Rydding, lage nokre enkle grøftar og vassrenner, flytte på litt stein og jord her og der.	40000	nei
11	Stiarbeid Gjengedal	Fikse tidlegare utbeta sti i Urabakkane. Kloppar over gjørmehol ved barnegrava.	50000	ja
12	Stiarbeid Breidalen	Rydde, merke, legge kloppar på stien frå Gimmestadstøylen til Breidalen	100000	nei
13	Stiarbeid Sørsendalen	Utbetre sti frå Kandalstøylen og oppover Sørsendalen	30000	nei
		<b>Sum</b>	<b>813550</b>	

Arkivsaksnr: 2012/308-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 19.11.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 27/14	01.12.2014

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Forvaltningsplan**

### **Dokument i saka:**

- Framlegg til forvaltningsplan
- Høyringsinnspel
- Samandrag av innspela
- Kommentarer frå Fagleg Rådgevande utval

### **Handsaming i møtet:**

Framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har no vore ute på høyring. Det har kome inn mange gode høyringsinnspel.

Verneområdestyret må no gå gjennom dei innspela som er komne inn, og avgjere kva for endringar som skal gjerast i framlegget til plan.

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 27/14 - 01.12.2014**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjekk gjennom innspela som har kome inn gjennom høyringa. Styret instruerte verneområdeforvaltaren om kva endringar som skulle gjerast i planutkastet.

Verneområdeforvaltaren gjer dei omtalte endringane og legg fram det ny framlegget for styret på neste møte.

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 28/14 - 01.12.2014**

### **Eventuelt**

Ingen saker